

Full fart på løpefest

SIDE 12 OG 13



Men så kom første faktura og gav folk flest prissjokk
Sverre Bungum, Sund eldreråd
DEBATT SIDE 11

Lokalavisa for Fjell, Sund og Øygarden

NR. 32 | 25. APRIL 2017 | ÅRGANG 27

Laussal kr. 25

Vestnytt

Tysdag

Foto: Karstein Sæverås



Skulle helst fortsatt som egen kommune

Aud Karin Oen i Øygarden og Kjell Arve Vorland i Sund stemte imot sammenslåing. De forklarer hvorfor.

SIDE 6 OG 7

Meiner Sotrasambandet blir unødig stort når bilane køyrer sjølv

IT-konsulent Jon Andreas Bygstad trur Sotrasambandet kan visa seg å vera

overdimensjonert når ny teknologi blir tatt i bruk for fullt.

SIDE 5



To av ti fiklet med mobilen bak rattet

Folk lesar e-post, sjekker Facebook og snapper mens de kjører bil. Statens vegvesen slår alarm om uoppmerksomme sjåførar i regionen.

SIDE 2

MENY
KRONE-MARKED
slik det burde være!
Se alle tilbudene på MENY.no

Ristorante pizza
325-370g, Dr. Oetker, stort utvalg
20

Nygrillet kylling
fra varmeskapet
40

Smoothie
250ml, stort utvalg, Bendit
10

Toalett-papir
6rl, Unik Soft
10

Vi tar forbehold om eventuelle trykfeil og prisjusteringer. Tilbudene gjelder 24.04-26.04.2017.

Trur sjølvkøyrande bilar vil gjera Sotrasambandet mindre nyttig

Ifølgje Jon Andreas Bygstad kan den teknologiske utviklinga gjera at store samferdselsprosjekt som i dag verkar naudsynte vert overflødige.

SOTRASAMBANDET: Leiaren for digitalisering og forretningsutvikling i IT-konsultentselskapet Miles er glad for at han ikkje er i politikarane sine sko. Han meiner at me står framfor ein revolusjon innan mellom anna transport som gjer det ekstremt vanskeleg å planlegga samfunnsinvesteringar i åra framover.

Menneske er dårlegare sjåførar enn dei bilane som no vert prøvd ut

– Sotrasambandet er eitt av dei prosjekta som innan nedbetalingstida på 20 år er omme kan visa seg å verta mindre nyttig enn politikarane trur i dag. Me er inne i ei teknologisk brytningstid som gjer det vanskeleg å sjå om denne store investeringa er rett, seier Jon Andreas Bygstad.

Seks felt kan vera for mykje

Dette er brannfakkelen han i dag går inn med i løva si hule, når han deltek på Vest Næringsråd sitt fagseminar om mellom anna digitalisering. Folk som slit med kø både når dei køyrer privat og når dei sender nyttetransport ut på vegen vil kanskje i beste fall be Bygstad om å sitja stille i båten.

– Eg er førebudd på å få kjeft og meiner ikkje å belæra nokon om at nytt samband er unødvendig. Men når me som bur og jobbar i regionen skal betala ein stor del av kostnaden er det verdt å spørja om me byggjer for stort og dyrt, seier IT-ekspernten.



IT-konsulent Jon Andreas Bygstad er teknologioptimist og meiner at sjølvkøyrande bilar kan gjera det nye sambandet til eit unødig stort og kostbart prosjekt.

Foto: Karstein Sæverås

Han har eit anna perspektiv enn vegplanleggarane og meiner at sjølvkøyrande bilar vil gje langt betre utnytting av vegbana enn det me får til i dag.

– For å seia det litt stygt er menneske dårlegare sjåførar enn dei bilane som no vert prøvd ut, til dømes i USA og i Sverige. Me gjer irrasjonelle ting som å halda for lang avstand til neste bil. Sjølvkøyrande bilar treng mindre tryggleiksmargin enn bilane me køyrer sjølve, seier Bygstad.

Dermed kan ein redusera avstanden mellom kvar bil til eit minimum, men også innføra fleire felt på den vegbreidda me har i dag. Desse felta kan ein snu retningen på, slik at ein til dømes har fleire felt mot Bergen på morgonen. Når ettermiddagsrushet set inn, kan ein snu fleirtalet av felta i retning Sotra. Bygstad bur sjølv på Anglevik og jobbar i Bergen, så han har ikkje noko problem med å sjå at kapasiteten på Sotrabrua er sprengt

med dagens teknologi.

– Poenget er at prosjektet til nær ti milliardar kroner gjev fire nye felt i tillegg til dei to me har på dagens bru. Med sjølvkøyrande bilar og andre transportendingar dei neste ti åra kan det visa seg å verta ei overetablering, meiner Jon Andreas Bygstad.

KARSTEIN SÆVERÅS

karstein@vestnytt.no

90769391

fakta:

Sotrasambandet

- Ligg inne med finansiering i første del av komande Nasjonal Transportplan.
- Sambandet er planlagt som offentleg-privat samarbeid, der eit privat firma etter anbod står for utbygging og vedlikehald.
- Prosjektet har ei kostnadsramme på 9,6 milliardar kroner, skal delfinansierast med bompengar og har ei nedbetalingstid på 20 år.
- Sotrasambandet omfattar 9,4 kilometer med firefelts veg og ny bru sør for dagens bru. 4,5 kilometer av strekningen Kolltveit-Storavatnet vert lagt i tunnel.
- Årsdøgntrafikken over dagens bru er i underkant av 27.000 køyrety.

Markerer Telavåg-tragedien 75 år etter

TELAVÅG: Nordsjøfartsmuseet markerer onsdag dagen som ble starten på Telavågtragedien. For 75 år siden oppdaget Gestapo to norske Kompani Linge-agenter i Telavåg. Det avgjorde skjebnen til vestlandsbygden. Etter en dramatisk skyte-episode der tre menn døde og flere ble skadet, ble menn, kvinner og barn i bygden arrestert og internert. Mennene ble sendt til tyske konsentrasjonsleire. Gårder og hus ble brent ned, og hele bygden ble jevnet med jorden. Tyskernes plan var at det aldri skulle bo folk igjen i Telavåg.

Unneland inn i sentralstyret til SU

POLITIKK: Fjellpolitiker Andreas Unneland (22) ble under landsstyresamlingen til Sosialistisk Ungdom denne helgen valgt inn i sentralstyret til SU. – Det er veldig stas å få tillit fra organisasjonen som jeg har brukt mest tid på opp gjennom årene. Jeg er motivert for å arbeide for et Norge med mindre forskjeller, at ungdom sin psykiske helse skal tas på alvor og for å løse klimaproblemer, sier Unneland i en pressemelding. Han har vært aktiv i SU i seks år og har tidligere vært leder for Sotra og Øygarden SU. Nå sitter han i Fjell kommunestyre.

